

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 19.11.2019

Møtetid: Kl. 9:00-10:30

Møtestad: Rådhuset, 216

Saksnr.: 11/19 – 13/19

| Følgjande medlem møtte | Parti |
|--------------------------------------|--------------|
| Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar | H |
| Siri Larsen Ramsøy, nestleiar | Ap |
| Kjell Nordgulen | Ap |
| Erna Underdal Skarsbø | Sp |
| Kristoffer Ullern Hansen | MDG |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti | Følgjande varamedlem møtte | Parti |
|--|--------------|-----------------------------------|--------------|
| | | | |
| | | | |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedlem møtte |
|---------------|------------|-----------------------------------|
| | | |

| | |
|------------------------------------|-------------------------------------|
| Møteleiar: | Frode Bekkestad |
| Frå sekretariatet møtte: | Harald Mo, PwC |
| Frå administrasjonen møtte: | Reidar Johnsen |
| Frå revisjonen møtte: | Rune Mydland |
| Andre som møtte: | Olav Ellingsen og Gøril Tveiten Lie |
| Dokument utlevert i møtet: | |
| Synfaring: | |
| Merknader: | |

Underskrifter:

SAKLISTE

| Sak nr. | Sakstittel | Ope/lukka |
|---------|--|-----------|
| 14/2019 | Godkjenning av møteprotokoll 17.09.2019 | O |
| 15/2019 | Drøftingsaker, skriv og meldingar | O |
| 16/2019 | Møteplan 2020 | O |
| 17/2019 | Førebuing planarbeid – Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 | O |
| 18/2019 | Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune | O |

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 14/2019 Godkjenning av møteprotokoll

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---------------|------------|---------|
| Harald Mo | 19.11.2019 | 14/2019 |

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 17.09.2019 vert godkjent.

19.11.2019 KONTROLLUTVALET

SAK-14/19 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 17.09.2019 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 15/2019 Drøftingssaker, skriv og meldingar

| | | |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| Sakshandsamar Harald Mo | Møtedato 19.11.2019 | Saknr 15/2019 |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

Refererte skriv og meldingar:

| Vedlegg nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|-------------|------------------|---|---|
| 1 | 10.09.2019 | KPMG | Egenvurdering av uavhengighet |
| 2 | 17.09.2019 | KPMG | Revisjonsplan 2019 |
| 3 | 19.11.2019 | Leiar i kontrollutvalet Frode Bekkestad | Selskapskontroll 2019 - Drøftingssak |
| 4 | Oktober 2019 | Rådmannen | Tertialrapport T2 2019 |
| 5 | 16.10.2019 | Politisk sekretær | Folkevaldopplæringa for kontrollutvalet i Aurland |
| 6 | Oktober 2019 | NKRF/ Sogn og Fjordane kommunerevisorforening og FKT | Kontrollutvalskonferanse Skei i Jølster |
| 7 | Oktober 2019 | NKRF | NKRF's Kontrollutvalskonferanse 2020 Gardermoen |
| 8 | 03.10.2019 | Kommunestyret | Vedtak sak 72/19 Val av kontrollutval 2019-2023 |
| 9 | 23.10.2019 | Rådmannen | Organisasjonsutvikling – Aurland kommune 2018-2019 |
| 10 | November 2019 | Sekretariatet | Presentasjon av lovreglane som regulerer kontrollutvalet samt kontrollutvalet si rolle i forhold til kommunestyret og administrasjonen i kommunen |
| 11 | Desember 2015 | Kommunal- og moderniserings- departementet | Kontrollutvalsboka (vert delt ut i møtet) |

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

19.11.2019 KONTROLLUTVALET

Orienteringar i møtet:

Orientering frå tidlegare kontrollutval:

- Olav Ellingsen og Gøril Tveiten Lie gav informasjon og delte på erfaring frå sist periode, herunder og erfaring med å utarbeide plan for forvaltingsrevisjon.

Orientering ved rådmannen:

- Økonomisjef orienterte om tertialrapport 2.

Orientering ved revisor

- Revisor orienterte om revisjonsplanen for 2019.

Orientering frå sekretariatet

- Regelverket for kontrollutvalet og kontrollutvalet sine oppgåver

Drøftingssaker:

- Kontrollutvalet drøfta deltaking på kurs og konferansar.
- Kontrollutvalet drøfta notat frå leiar i kontrollutvalet.

SAK-15/19 VEDTAK:

Kontrollutvalet ber KPMG lage ein prosjektplan for eigarskapskontroll av Aurland Ressursutvikling AS, herunder og selskapet Aurland Eige AS som er 100% eigd av Aurland kommune og som frå hausten 2019 er eigar av kommunen sine aksjar i Aurland Ressursutvikling AS. KPMG skal foreslå problemstillingar for kontrollen, og kome med forslag til gjennomføring; både omfang i timar og tidspunkt for gjennomføring. Kontrollutvalet vil vurdere og ta stilling til om prosjektplanen skal godkjennast i neste møte for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i framlegg til budsjett for 2020 bedt om kr. 200 000 i midlar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om rett til å kunne omdisponere desse midlane til bruk for eigarskapskontroll om det blir bestemt å setje i gang med eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet fatta vedtak om å delta på kontrollutvalskonferanse på Skei i Jølster 5. februar 2020 med Siri Larsen Ramsøy, Erna Underdal Skarsbø og Kristoffer Ullern Hansen samt på NKRF's kontrollutvalgskonferanse 29-30. januar 2020 med Frode Bekkestad og Kjell Nordgulen. Sekretariatet melder deltakarane på konferansen. Deltakarane ordnar sjølv transport.

Kontrollutvalet ynskjer i neste møte orientering frå rådmannen. Tema for orienteringa er unnteke offentlegheit.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 16/2019 Utkast til møteplan for 2019

| | | |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| Sakshandsamar Harald Mo | Møtedato 19.11.2019 | Saknr 16/2019 |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2020.

19.11.2019 KONTROLLUTVALET

SAK-16/19 VEDTAK:

Følgjande møteplan vart fastesett for 2020 med møtetidspunkt kl 11.00:

| Møte | Tidspunkt |
|---------|--|
| 1. møte | 11. februar |
| 2. møte | 28. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar) |
| 3. møte | 9. juni |
| 4. møte | 15. september |
| 5. møte | 17. november |

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 17/2019 Førebuing planarbeid - Plan for forvaltningsrevisjon 2019 - 2023

| | | |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| Sakshandsamar Harald Mo | Møtedato 19.11.2019 | Saknr 17/2019 |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram som drøftingssak for kontrollutvalet.

19.11.2019 KONTROLLUTVALET

SAK-17/19 VEDTAK:

Sekretariatet for kontrollutvalet blir engasjert til å bistå kontrollutvalet i arbeidet med å lage plan for forvaltingsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som del av dette arbeidet skal det gjennomførast risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for planane.

Sekretariatet utarbeider til neste møte ein tidsplan for organisering av dette arbeidet som inkluderer møte med ordførar, gruppeleiarar, rådmann, kommunalsjefar, verneombud og tillitsmenn.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 18/2019 Kjøp av revisjonstenester for Aurland kommune

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|----------------------|-----------------|--------------|
| Harald Mo | 19.11.2019 | 18/2019 |

Framlegg til vedtak:

Vedlagt tilbudsgrunnlag vert sendt over til innkjøpsavdelinga i Aurland kommune for kunngjering på Doffin innan utgangen av desember 2019. Svarfrist for å levere inn tilbod vert sett til 15. februar 2020.

Innkomne tilbod vert handsama i neste møte i kontrollutvalet, og basert på kontrollutvalet si vurdering av dei innkomne tilboda vert det laga ei tilråding til kommunestyret om val av tilbydar av revisjonstenester for perioden 01.07.2020 - 30.06.2022. Avtala vil ha ein opsjon på forlenging for perioden 01.07.2022 - 30.6.2024.

19.11.2019 KONTROLLUTVALET

Neste møte i kontrollutvalet er fastsett til 11. februar. Fristane blir endra i tråd med dette.

SAK-18/19 VEDTAK:

Vedlagt tilbudsgrunnlag vert sendt over til innkjøpsavdelinga i Aurland kommune for kunngjering på Doffin innan midten av desember 2019. Svarfrist for å levere inn tilbod vert sett til 25. januar 2020.

Innkomne tilbod vert handsama i neste møte i kontrollutvalet, og basert på kontrollutvalet si vurdering av dei innkomne tilboda vert det laga ei tilråding til kommunestyret om val av tilbydar av revisjonstenester for perioden 01.07.2020 - 30.06.2022. Avtala vil ha ein opsjon på forlenging for perioden 01.07.2022 - 30.6.2024.

Samrøystes.